

REFERAT FRÅ LANDSMØTET I NORSK NAMNELAG 28.10.2021

Norsk namnelag hadde landsmøte i Bergen 28. oktober 2021, rett etter jubileumskonferansen «Norsk stadnammarkiv i 100 år». Ti personar var til stades. Terje Larsen vart vald til møteleiar, Anne Svanevik til referent. Saklista til landsmøtet ligg på heimesida vår www.norsknamnelag.no.

Det vart påpeikt at folk truleg ikkje hadde fått med seg tidspunktet for landsmøtet, trass i at ei førebels innkalling var kunngjort i *Nytt om namn* i desember 2020, og at saklista var lagd på heimesida i midten av september 2021. På landsmøtet kom det framlegg om å lage ei e-postliste med alle medlemene.

Leiar Terje Larsen las opp treårsmeldinga. Eit samandrag av meldinga blir trykt i neste nummer av *Nytt om namn* og lagd ut på heimesida. Dei siste tre åra har medlemstalet i laget halde seg ganske stabilt på tett oppunder 300 medlemer. Økonomien i laget er ei tilbakevendande hovudpine fordi Namnelaget ikkje har kome inn under ordninga for utgjevingsstøtte frå Forskringsrådet. Pr. 24.10.2021 har laget kr 83.000 inneståande hos Novus forlag, til utgjeving av neste nummer av *Namn og nemne*. I tillegg har vi kr 105.000 på konti hos Nordea. Heilt sidan Namnelaget blei stifta, har det vore semje om at vi alltid bør ha inneståande nok midlar til utgjeving av ei utgåve av *Namn og nemne*. I den noverande økonomiske situasjonen har vi nok midlar til to utgåver. På landsmøtet kom det framlegg om at vi bør vedtektsfeste at det alltid skal vere midlar til utgjeving av to utgåver. Det tyder at vi heile tida må jobbe med finansiering. Universitetet i Oslo ved ILN har teke på seg kostnadene for utsendinga av *Nytt om namn*.

Redaktør Ole-Jørgen Johannessen orienterte om tidsskriftet *Namn og nemne*. Årgang 38 for 2021 er i rute. Stofftilgangen er brukbar. Vi har fleire bidrag klare til framtidige nummer. Vi prøver å halde ei nordisk vinkling på stoffet, men har nokre bidrag frå andre land også. På landsmøtet blei det mint om at *Namn og nemne* skal ha stoff av både vitskapleg og mindre vitskapleg karakter – for å nå ein brei medlemsmasse. Landsmøtet gav tilslutning til eit forslag om å gje ut tidsskriftet berre digitalt, med moglegheit til papirutgåve mot ein kostnad.

Redaktør Botolv Helleland orienterte om meldingsbladet *Nytt om namn*: Nr. 71/72, som blir eit fyldig dobbelnummer, er betydeleg forseinka på grunn av manglande arbeidskapasitet i meldingsåret. Vi held fram med papirutgåver av *Nytt om namn*.

Besøket på heimesida www.norsknamnelag.no er bra. Sida hadde 2112 «visits» i september 2021, gjennomsnittleg 75 pr. dag. Redaktørane Olav Veka og Nancy Coleman ønskjer avløysing. Ellen Marie Lund Foldal overtar. Det var

semje om at nettsida bør bli meir moderne og innehalde meir om det som skjer på namnefronten i landet, m.a. omtale av konferansen vi nett har vore på, prosjektet «Bustadnamn i Østfold», språksamlingane i Bergen og arbeidet med stadnamninnnsamling i regi av Språkrådet.

Terje Larsen held fram som leiar i Namnelaget, og Anne Svanevik held fram som nestleiar. Styremedlemer: Gunnstein Akselberg (vara Gudmund Harildstad), Ellen Marie Lund Foldal (vara Frode Myrheim), Ole Gunerius Deli (vara Karsten Lien). Redaksjonen for *Namn og nemne* blir Tor Erik Jenstad og Ivar Berg (som har sagt ja på visse vilkår). Ole-Jørgen Johannessen, Vidar Haslum, Gudlaug Nedreliid, Tom Schmidt, Klaus Johan Myrvoll, Gulbrand Alhaug, Agnete Nesse og Thorstein Gudmundur Indridason stiller som redaksjonsråd. Redaksjonen for *Nytt om namn* blir som før: Botolv Helleland, Gudmund Harildstad og Terje Larsen.

Landsmøtet oppmoda styret til å jobbe med å oppretthalde medlemsmassen. Å gjere all dokumentasjon meir digitalt tilgjengeleg, kan hjelpe til det.

Anne Svanevik
svafuru@gmail.com